

Prioriterte tiltak med kommunal budsjettkonsekvens for 2026 (prioritert rekkefølge)

	Tiltak	♥sone	Målgruppe	Innsatsområde	Mogleg finansiering	Ansvar	Estimert kostnad	Vurdering
1	Belysning av alternativ skuleveg Bruøyne-Thorsetvg.	Ja	Barn og unge, eldre	Trygg skuleveg, universell utforming	SVV-tilskot, Kommunal budsjettpost, Samferdselsdepartementet	Teknisk drift	3-400 000 kr	Viktig for tryggleik vinterstid
2	Alternativ skuleveg Bruøyne-Thorsetveg blir tilrettelagt for sykkel og barnevogn	Ja	Barn og unge, eldre, barnevogn	Trygg skuleveg, universell utforming	Kommunal budsjettpost	Teknisk drift	10 000 kr	Enkelt tiltak med stor effekt
3	Straumuttak og belysning av brua ved Bruøyne (inkludert i punkt over)	Ja	Barn og unge, eldre,	Trygg skuleveg, universell utforming	SVV-tilskot, Kommunal budsjettpost	Teknisk drift	15 000 kr (50%)	Del av turveg brukt som skule- og fritidsveg
4	Alternativ blågrøn skuleveg: Frå P-plass kyrkja til hengebrua	Ja	Skulebarn, mjuke trafikantar	Alternativ skuleveg, trygge nærområde	SVV-tilskot, friluftsmidler	Teknisk drift	2-300 000 kr	Låg kostnad, høg nytteverdi, erstatter tilkomst gjennom industriomr.
5	Belysning snarveg Svøo til busstopp RV52		Ungdom, vgs-elevar	Trygg skuleveg	SVV-tilskot, Kommunal budsjettpost	Teknisk drift	150 000 kr	Direkte innspel frå ungdom, viktig for tryggleik
6	Fjerning av jordvoll og vegetasjon Imrevegen/RV52		Gåande, syklande	Sikt og kryssing	SVV-tilskot, Kommunal budsjettpost	Teknisk drift	80 000 kr	Viktig for trygg kryssing og synlegheit
7	Speil i kryss Haugabakken og Skadvinvegen	Ja	Bilistar, gåande	Sikt og tryggleik	Kommunal budsjettpost	Teknisk drift	20 000 kr	Enkle tiltak med stor effekt
8	Belysning langs Haugavegen langs høg mur	Ja	Eldre, barn	Tryggleik, universell utforming	Eldrerådsmidler	Teknisk drift	250 000 kr	Direkte innspel frå eldreråd og ungdomsråd

Upriorit.	Tiltak som kan vurderast for 2027 --> eller ved ekstern finansiering	♥sone	Målgruppe	Innsatsområde	Mogleg finansiering	Ansvar	Estimert kostnad	Vurdering
x	Gangbru over Trøimsåni v/Rudningen	Ja	Barn og unge, eldre	Trafikksikkerheit, skuleveg utanom rv	Kommunal, statleg, spelemidlar	Kommune	1,5 mill.	Viktig for trygg ferdsel, direkte innspel frå ungdom
x	Gangbru Trøimsåni: Kople alternativ skuleveg gjennom Fagervoll-BFK1.	Ja	Barn og unge, eldre,	Trafikksikkerheit, skuleveg utanom rv	Kommunal, statleg, spelemidlar	Kommune	1,5 mill.	Viktig for trygg ferdsel, direkte innspel frå ungdom
x	Tydeleggjere forbindelsar for mjuke trafikantar		Alle, særleg mjuke trafikantar	Trafikksikkerheit, tilgjenge, orientering	Kommunal, statleg	Kommune	0,5 mill.	Viktig for samanheng og trygg ferdsel
x	Belysning blågrøne ferdselsårer i sentrumsnære område	Ja	Alle	Tryggleik, trivsel	Kommunal, spelemidlar, Samferdselsdepartementet	Kommune	0,3 mill	Forsterkar bruk og tryggleik
x	Gangbruer over Trøimsåni (Shell-Øya, Peppes-Innkjøpslaget, aktivitetspark)		Innbyggjarar, barn, turistar	Tilgjenge, samanheng	Kommunal, spelemidlar	Kommune	6–8 mill.	Skapar samanheng og trygg ferdsel
x	Hengebru frå p-plass ved kyrkja og over til Bru-øyne	Ja	Alle	Tilgjenge, oppleving, skuleveg utanom rv	Kommunal, spelemidlar	Kommune	0,2 mill.	Attraktivt og funksjonelt tiltak
x	Blågrøn ferdselsåre langs Trøimsåni vestsida	Ja	Alle	Trafikksikkerheit, skuleveg utanom rv	Kommunal, spelemidlar	Kommune	1 mill.	Viktig for heilskap
x	Alternativ blågrøn skuleveg BU6 til hengebrua	Ja	Skuleelevar	Trafikksikkerheit, skuleveg utanom rv	Kommunal, statleg	Kommune	0,5 mill.	Trygg og attraktiv skuleveg
x	Blågrøn ferdselsåre med høg grad av tilgjengelegheit Klokkarsteinen–Kiwi–Moen camping		Alle, eldre, rørslehemma	Tilgjengelegheit, tryggleik, trivsel	Kommunal, spelemidlar	Kommune	1,5 mill.	Viktig for universell utforming
x	Stramming av kryss ved idrettsbana (avhengig av BU6-prosjekt)	Ja	Skuleelevar, idrettsbrukarar	Trafikksikkerheit	Kommunal, statleg	Kommune	0,1 mill.	Avhengig av BU6
x	Fortau Ulsåk langs Lykkjavegen		Innbyggjarar	Trafikksikkerheit	Kommunal, statleg	FK(Kommune)	1 mill.	Tryggleikstiltak i bustadområde

- Tiltak som ikkje er vurdert til å vere trafikktryggleikstiltak - men som er prioriterte tiltak
- x

VA-trase frå vannverket til BU6 – turveg til Krikken bru
- x

Turveg frå Tuv til Venås bru (sørsida)

Prioriteringsliste for søknad til SVV sitt tilskot for tryggare skulevegar og nærmiljø:

	Tiltak	♥sone	Målgruppe
1	Belysning av alternativ skuleveg Bruøyne-Thorsetvg. (inkludert straumuttak)	Ja	Barn og unge, eldre
2	Alternativ blågrøn skuleveg: Frå P-plass kyrkja til hengebrua	Ja	Skulebarn, mjuke trafikantar

Prioritering for søknad til Samferdselsdepartementet sitt tilskot for trafikktryggleik 2026:

Utvikling av belyningskonsept. Kommunen driv eit heilskapeleg utviklingsprosjekt av den blå-grøne infrastrukturen i sentrum.
Link arkitekter utarbeider «veileder for uterom» som blant anna inkluderer retningslinjer for belysning og eit illustrasjonskart over byromsnettverk for Trøym sentrum.
-Det manglar i dag belysning både på eksisterande og ønska blågrøn infrastruktur i Trøym sentrum.

Historikk tilskotssøknadar 2024 og 2025 SVV og Samferdselsdepartementet

Prioritering og søknad SVV si tilskotsordning for 2024

Prioriteringsliste søknad tilskot for 2024		
Prioritering	TILTAK	SUM SAMLA
1	Lys på busshaldeplass rv 52 Svøo (50 %) (mindre belysningsstrekning på f.eks 5 master). Tiltak vert foreslått innarbeida i investeringsbudsjett. Prosjekt 049 tiltak Trafikktryggleiksplan.	300 000 kr
2	Kryss mellom Fløgovegen og Fiskumvegen: Stramme opp krysset (100 %)	100 000 kr
3	Turveg Torsetvegen-Bruøynene (50 %). Tiltak vert foreslått innarbeida i investeringsbudsjett. Prosjekt 025 tiltak Bruøyne med friområde/turveg	250 000 kr
4	To gatelys ved snarveg frå Svøvegen til RV52 (50 %)	60 000 kr

Det blei for 2024 søkt på tiltak lys på busshaldeplass rv52 v/Svøo

Søknad avslått. Tekst henta frå avslagsbrev: [...] **Avslag på søknad om midler til trafikk sikre skoleveier og nærmiljø for 2024 - Hemsedal kommune:** Søknadene er vurdert ut fra ett sett av kriterier, under forutsetning om at søknadene tilfredsstilte kravene som er beskrevet i invitasjonsbrevet. Disse kriterier er i uprioritert tilfredsstilte kravene som er beskrevet i invitasjonsbrevet. Disse kriterier er i uprioritert rekkefølge:

- Tiltak som gir tilrettelegging for sikker gåing og sykling til og fra skolen vil bli vektlagt.
- Tiltaket inngår i etablering av Hjertesone.
- For større tiltak vil det videre telle positivt om tiltaket inngår i en kommunal trafiksikkerhetsplan.
- Tiltak som forventes å gi varig effekt.
- Tiltaket er delfinansiert av søker med minst 50 %. [...]

Prioritering og søknad SVV si tilskotsordning for 2025


Det blei for 2025 søkt på tiltak «samankopling turveg/alternativ skuleveg langs elva frå nye parkering ved kyrkja til Heimsilstigen». Trafikktryggleiksplanen var ikkje oppe til behandling i Kommunestyret. Administrasjonen si vurdering for prioriteringa med utgangspunkt i prioriteringsliste for 2024: Tiltak 1 fekk i ikkje tilskot i 2024. Tiltak 2: Innstramming av kryss, er vurdert til å bli forbetra i samanheng med bygging av ny gang- og sykkelveg ti BU6. Tiltak 3: Turveg Torsetvg.-Bruøyne er gjennomført. Tiltak 4: Belysning: Det vart vurdert til å vere bra nok med belysning frå bygget ved sidan av. Vidare fekk kommunen i 2023 tilskot til bygging av første del av turveg langs elva frå den nye parkeringa ved skulen/kyrkja. Dette er nærområde til skulen, framtidig alternativ skuleveg, og skulen/frivilligsentralen for barn og

andre har gjeve innspel på at dette er eit viktig tiltak for å tilgjengeleggjere tilkomsten til Heimsilstigen, og eit mykje brukt nærområde for friluftsliv.

Søknad avslått. Tekst henta frå avslagsbrev: [...] **Avslag på søknad om midler til trafikksikre skoleveier og nærmiljø for 2025 - Hemsedal kommune:** Søknadene er vurderte ut frå eit sett av kriterium, under føresetnad om at søknadene tilfredsstilte krava som er beskrivne i invitasjonsbrevet. Desse kriteria er i uprioritert rekkefølge: • Tiltak som legg til rette for sikker gåing og sykling til og frå skulen vil bli vektlagde. • Tiltaket inngår i etablering av Hjertesone. **Tursti langs elva blei ikkje prioritert, ettersom stien ikkje var knytt til skuleveg.** [...]

Kommunen har sendt inn klage på vedtaket. Tiltaket ligg no i forslag til handlingsdel for Trafikktryggleiksplanen (vedlegg 1) under «Hjertesone», og tiltaket fell godt under fleire av dei utvalde satsingsområda for Trafikktryggleiksplan 2026-2030:

- 🚲 Tiltak som betrar trafikktryggleik for gåande og syklande prioriterast.
- 🧒 Barn og unge -Tiltak som fremjar tryggleik og sjølvstendig ferdsel
- 🚶 Prioritere tiltak som bidreg til sikker skuleveg frå bustadområde til skulen.
- 🌿 Vurdere blå-grøne ferdselsårer utanom trafikkert veg som skuleveg (fleire snarvegar).



I forslag til handlingsdel for Trafikktryggleiksplanen (vedlegg 1) er tiltak som fell under Hjertesone trukke ut i eigen tabell, for å gjere prioriteringsarbeidet enklare (sjå s.5).

[...] I 2025 deler Samferdselsdepartementet ut totalt fem millioner kroner til trafiksikkerhetstiltak gjennom tilskuddsordningen. Øvre grense for tildeling av tilskudd 500 000 kroner. Formålet med tilskuddsordningen er å støtte initiativ og engasjement i arbeidet med økt trafiksikkerhet i tråd med det overordnede målet om ingen drepte eller hardt skadde i trafikken – nullvisjonen [...].

Kriteria for ordninga:

- hvordan tiltaket som det søkes tilskudd til, vil bidra til måloppnåelsen for ordningen
- om tiltaket er egnet til å bidra til å redusere antall drepte og hardt skadde i trafikken
- om tiltaket samsvarer med de overordnede nasjonale satsingsområdene innen trafiksikkerhet (sjå innsatsområde s.26-27 i vedlegg 1 til saka).
- om tiltaket har et lokalt nedslagsfelt og om søker har kunnskap om lokale trafiksikkerhetsutfordringer og -behov
- om prosjektet er et samarbeid mellom flere aktører
- om tiltaket er rettet mot barn og ungdom.

Det blei for 2025 søkt på tiltak «Hogst av tre og reduksjon jordvoll», med same logikk for vurdering bak prioriteringa som for søknad på tilskotsordninga til SVV:

«Trafikktryggleiksplanen var ikkje oppe til behandling i Kommunestyret. Administrasjonen si vurdering for prioriteringa med utgangspunkt i prioriteringliste for 2024: Tiltak 1 fekk i ikkje tilskot i 2024. Tiltak 2: Innstramming av kryss, er vurdert til å bli forbetra i samanheng med bygging av ny gang- og sykkelveg ti BU6. Tiltak 3: Turveg Torsetvg.-Bruøyne er gjennomført. Tiltak 4: Belysning: Det vart vurdert til å vere bra nok med belysning frå bygget ved sidan av».

Ein såg derfor på lista for prioriterte tiltak med kommunal budsjettkonsekvens for 2024, og valde tiltak nr.3.

Prioriterte tiltak med kommunal budsjettkonsekvens for 2024 (uprioritert rekkefølge)	
TILTAK	SUM
Kryss mellom Fløgovegen og Fiskumvegen: Stramme opp krysset	100 000 kr
To gatelys ved snarveg frå Svøvegen til RV52	60 000 kr
Imrevegen/RV52 Hogst av tre og reduksjon høgde på jordvoll	100 000 kr
Kryssing Torsetvegen/flytting av gangfelt; Gjort i forbindelse med BU6.	Ikkje kostnadsberekna

Avslag på søknad om tilskot til trafikktryggleikstiltak 2025: «Samferdselsdepartementet har motteke mange søknadar og har difor vore nøydd til å prioritere mellom søknadane. Etter ei samla vurdering av søknadane opp mot kriteria for ordninga, finn departementet diverre ikkje å kunne tildele Hemsedal kommune tilskot i 2025».

Du kan her lese og sjå oversikt over dei 30 tiltaka som fekk tilskot i 2024: [Fem millioner kroner til trafikksikkerhetstiltak i hele Norge - regjeringen.no](#).

Tilskotet er eit viktig bidrag til Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2022–2025. Administrasjonen ser det derfor for viktig å velje ut eit tiltak som bidreg med å oppfylle eit eller fleire av desse måla (sjå s.24-26 i vedlegg 1). Kommunen anbefala derfor å søke eit tiltak som samsvarar med «mål for tilstandsutvikling innanfor dei 15 områda der tilstandsendingar er av vesentleg betydning for utviklinga i antall drepte og hardt skadde», i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2022-2025.